



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 55 57 23 69

Vår dato
07.02.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2013/16483 004.1
Dykkar referanse

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Høyringsvar - Rapport frå arbeidsgruppa som har vurdert brann- og redningsvesenets organisering og ressursbruk

Justis- og beredskapsdepartementet har sendt "Brannstudien" på høyring med svarfrist 17.02. 2014. Utgreiinga omhandlar brann- og redningstenesta, og er eitt av fleire dokument som ser på framtidig organisering innan beredskapsområdet i Noreg.

Konklusjon

Fylkesmannen i Hordaland meiner det ville vore ein fordel om arbeidsgruppa hadde hatt spørsmålet om utgreiing av også ei statleg organisering av brann- og redningstenesta som del av mandatet sitt. Det kunne då ha vore naturleg å vurdert organiseringa av brann- og redningstenesta i samband med organiseringa av Sivilforsvaret.

Alternativt kan vi òg sjå føre oss at ei organisering av brann- og redningstenesta under Fylkeskommunen kunne ha vore ei gunstig løysing. Heller ikkje dette spørsmålet låg det i e i arbeidsgruppa sitt mandat å vurdere.

Fylkesmannen støttar elles arbeidsgruppa si tilråding, dvs. modell 1 med 18 (19) brann- og redningsvesen på landsbasis, dvs. ein fylkesvis modell.

Fylkesmannen i Hordaland ønskjer òg å fremje forslag om at Hordaland blir pilotfylke for utprøving av modellen.

Innleiing

Dei seinare tids hendingar, mellom anna brannen i Gudvangatunnelen, brannen i Lærdal og brannen i Flatanger, viser at brann- og redningstenesta til tider står ovafor særskilte krevjande utfordringar både med omsyn til kompleksitet og ressursbehov. Slike hendingar stiller store krav til samvirke, både innanfor eigen etat, så vel som på tvers av etatar og geografiske grenser. Eit anna døme er eksplosjonen i Vest Tank sitt anlegg i Sløvåg i 2007. Det har òg vore fleire døme på krevjande brannar i Hordaland, mellom anna skogbrannen på Sotra i 2006 der omlag 1000 personar deltok i sløkkearbeidet. Slike aksjonar stiller store krav til logistikk og leiing, noko som kan vere ei utfordring for mindre brannvesen.

Forventa framtidig utvikling

Både klimaendringar og endringar i den generelle samfunnsutviklinga vil venteleg medverke til at utfordringane for brann- og redningsvesenet vil verte større i tida som kjem.

Fylkesmannen i Hordaland er difor av den oppfatning at det vil gje ei rekke fordelar om brann- og redningsvesenet vert organisert i større einingar, og faktisk vere ein føresetnad dersom denne delen av beredskapsapparatet skal kunne møte dagens og ikkje minst morgondagens utfordringar på ein forsvarleg måte. Særleg ved store og/eller komplekse hendingar vil dette kunne vere avgjerande for utfallet av innsatsen. Ei organisering i større einingar vil gjere brann- og redningsvesenet meir robust og fleksibelt, men samstundes òg meir kostnadseffektivt. Større fagmiljø vil kunne gjere arbeidsplassane meir attraktive, samstundes som høvet til spesialisering vil auke, både med omsyn til materiell og utstyr så vel som kompetanse. Sist, men ikkje minst vil ein kunne få ei langt betre ressursutnytting ved at ein i større grad kan tilpasse materiell, utstyr og kompetanse etter lokale tilhøve.

Tilråding

Fylkesmannen i Hordaland meiner det vil vore ein fordel om ei statlig organisering av brann- og redningstenesta også vart utgreidd i samband med Brannstudien. Då kunne det ha vore naturleg å sjå på organiseringa av brann- og redningstenesta i samband med organiseringa av Sivilforsvaret som er den sivile statlege forsterkningsressursen. Det var imidlertid ikkje ein del av mandatet til arbeidsgruppa. Vi kunne òg tenkje oss at ei organisering av brann- og redningstenesta under fylkeskommunen kunne vore ei gunstig løysing, men vi registrerar at heller ikkje dette er eit alternativ i dagens situasjon.

Fylkesmannen i Hordaland stiller seg difor bak forslaget i Brannstudien, og støttar ei fylkesvis organisering med 18 (eventuelt 19) brann- og redningsvesen på landsbasis (modell 1). Vi ser dette som ei fornuftig og framtidretta løysing.

Samstundes vil vi tilrå at organiseringa av brann- og redningsvesenet vert sett i samanheng med organiseringa av andre statlege og kommunale beredskapsressursar og aktørar, t.d. politiet, politireserven, Sivilforsvaret, Heimevernet, 110-sentralane med meir. Det føregår for tida mykje utgreiingsarbeid på området, slik at det no er eit godt høve til å sjå dei ulike elementa i beredskapsapparatet i samanheng. Særleg vil vi nemne behovet for felles geografiske grenser mellom ulike etatar som viktig. Grunna ulike geografiske grenser for ulike etatar, vert det i dag brukt unødige mykje ressursar på administrasjon og koordinering. I Hordaland fylke er det til dømes to politidistrikt og to helseføretak, medan HV-09 som held til i Bergen, må halde seg til to fylkesmannsembete osv.

Vi vil òg understreke at det er viktig at ein i den vidare prosessen er tydeleg på at brann- og redningsvesenet framleis skal vere til stades i lokalmiljøet, for å unngå mistydingar som kan påverke publikum si kjensle av tryggleik. Gjennom å oppretthalde krava til innsatstid (ev. responstid) slik det går fram av studien, vil ein i praksis langt på veg tilfredsstille dette behovet. Det vil òg sikre lokal forankring av tenesta og lokalkunnskap hjå menneskane.

Pilotfylke - Hordaland brann- og redningsvesen

Arbeidsgruppa tilrår i Brannstudien at modell 1 vert prøvd ut gjennom eit pilotprosjekt der staten bidreg med midlar til å etablere og gjennomføre prosjektet. Planlegging, gjennomføring og evaluering må sikrast gjennom brei kommunal medverknad, og med deltaking frå Fylkesmannen. Eksterne miljø med kompetanse på evaluering bør òg involverast i eit slikt pilotprosjekt.

Fylkesmannen i Hordaland ser gjerne at Hordaland vert pilotfylke for dette prosjektet, dvs. at vi får høve til å teste ut arbeidsgruppa sin tilrådde modell 1.

Vi vil i så måte argumentere for at Hordaland er særleg eigna for eit slikt prosjekt grunna risikobiletet i fylket. Hordaland fylke strekk seg frå ope hav og fjord til høgfjell. Vi har mange og lange tunnelar og bruer, rasfarlege vegar og aude togstrekningar og høgfjellovergangar. Vi har ein folkesetnad som bur i alt frå storby med brannsmitteområde og skorsteinshus til relativt isolerte øysamfunn med få menneske. Samstundes er det i utstrekning eit stort fylke med alt frå landets nest minste til landets nest største kommune.

To tredelar av verdiskapinga i landet skjer i dei fire Vestlandsfylka. Det medfører at talet på risikoverksemder er høgt, m.a. knytt til olje- og gassproduksjon både on- og offshore. Vidare har vi prosessindustri og verksemder som nyttar eller handterer store mengder farlege kjemikalier (stoff), samt mange store kraftproduksjonsanlegg og dammar. Aktiviteten langs kysten og i hamnene våre er særst høg. Dette gjeld både cruise- og passasjertrafikk så vel som godstransport, for ikkje å gløyme det store talet på tankskip som skal til/frå Sture og Mongstad. Elles har fylket fleire lufthamner, m.a. Flesland. I denne samanhengen er det også viktig å nemne marinebasen Haakonsværn orlogsstasjon, og at denne m.a. er mottakshamn for reaktordrivne fartøy. Sist, men ikkje minst må vi nemne at vi har mykje vêr, og dermed mange vêr- og klimarelaterte hendingar som kan vere krevjande å handtere.

Med andre ord vil dei fleste scenarier ein kan tenkje seg innan brann- og redningssektoren finnast i Hordaland.

Bergen og Hordaland har samstundes store brann- og redningstekniske ressursar. Bergen brannvesen er t.d. eitt av sju brannvesen med RITS-gruppe. På grunn av Bergen brannvesen sin storleik og kompetanse, har dei òg vore involvert i fleire av dei største hendingane på Vestlandet, òg også utover fylkesgrensene. Det er dessutan eit stort engasjement for brann og redning hjå fleire store aktørar i fylket. Såleis vil eit pilotprosjekt i Hordaland på mange måtar ikkje starte på null. Utover dette ligg det òg føre fleire samarbeidsavtalar innan brann og redning allereie i dag, m.a. har vi felles 110-sentral i fylket. Såleis er tida mogen for å ta eit steg vidare.

Fylkesmannen er i tilfelle innstilt på å bidra med skjønnsmidlar for å gjennomføre pilotprosjektet i Hordaland.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Arve Meidell
fylkesberedskapssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.